

## Potetskrell gjer maten meir haldbar

Poteta kan brukast til alt, blir det sagt. No prøver forskarane å bruke potetskrell for å hindre andre matvarer i å bli dårlege.

AV KJERSTI BUSTERUD / NTB | PUBLISERT 12. MAI 2021 | OPPDATERT 8. NOV. 2021

Plantane inneheld ein type vernande stoff som vi kallar antioksidantar. I potetskalet finn vi mykje av desse vernande stoffa. Det blir nesten som ein solkrem for poteter, seier Knut Olav Strætkvern. Han er professor ved Høgskolen i Innlandet og har forska på poteter i 25 år.

I Innlandet blir det dyrka svært mykje potet. Halvparten av alle potetene i landet kjem herfrå. Mange av dei blir sende i store fabrikkar for å bli til potetmos, potetchips og andre potetprodukt. Potetskrellet blir som oftast til overs.

– Berre her i Innlandet blir det fleire tusen tonn potetskrell i året. Det meste av det går til kufôr. Derfor prøver vi å finne korleis vi kan utnytte potetskrellet på ein betre måte, fortel han.

### POTETSKALET HAR MYKJE ANTIOKSIDANTAR

#### Naturlege antioksidantar

Antioksidantar blir allereie brukte i ein del matvarer. Når mat med mykje feitt og olje kjem i kontakt med luft, kan han nemleg harskne. Då blir maten etter kvart dårleg. Antioksidantane vernar mot harskninga, og derfor er mykje av mate kjøper i butikken, tilsett kunstige antioksidantar. At antioksidantane er kunstige, vil seie at dei er framstille i laboratorier.

– Vi håpar at vi i framtida kan bruke antioksidantar frå potetskrell i staden for kunstige stoff, seier potetprofessoren.

#### Testar i laboratoriet

Så langt har forskarane klart å lage ein metode for å trekkje antioksidantane ut av potetskrellet. Dei har òg tilsett desse antioksidantane i ulike typar matoljer og sett at det gjer oljene meir haldbare.

– Det neste steget er å teste dette ut på tørre matvarer og etter kvart også kjøtt, fortel Knut Olav.

Til slutt skal forskarane ta forsøket ut av laboratoriet og sjå om det går an å bruke metoden i stor skala i matvareindustrien.

– Målet er at vi skal utnytte potetskrellet betre enn å berre bruke det som dyrefôr, seier Knut Olav.

Det å bruke potetskrell i staden for kunstige antioksidantar kan vere betre for miljøet og sunnare for kroppen vår, me han.

MAT

Meldinger ved utskriftstidspunkt 3. april 2025, kl. 02.35 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.